

STUDENTAVISA I TROMSØ

Organ for
Tromsø-studentene

ekstra-nummer

ENDRING AV FORSKRIFTENE OM ADJUNKT OG LEKTORKOMPETANSE.

Den 16.mai 1978 sendte departementet ut forslag om endringar av forskriftene om lektor- og adjunktkompetanse.

Dette forslaget var :

- for det første ikkje sendt til dei nasjonale studentorganisasjonane.
- for det andre var det ein høyringsfrist på berre vel ein månad.

Studentutvalet/delegatgruppa fekke kjennskap til saka våd at universitetsadministrasjonen sende den ut til høyring. Vi sende då straks eit brev til administrasjonen, med kopi til NSU og departementet, og klaga på dem korte tida vi hadde å handsame saka på, at den ikkje var sendt til NSU og vi krevde ei monaleg utsetting av fristen.

Fristen vart utsett, men berre til 1.10.1978.

Kva gjeld så saka?

Departementet kallar det "begrenset revisjon", men realiteten er at den får vidtrekkjamde konsekvensar, spesielt når det gjeld adjunktkompetansen.

- Reglane for kven som kan bli adjunkt er sterkt utvida.
Kravet om at adjunkter må ha lærarprøve eller vere cand. mag. er oppheva. Etter det nye forslaget kan studentar bli adjunkt med ei "utdanning på $3\frac{1}{2}$ år som omfatter en studie-enhet på minst $1\frac{1}{2}$ år og en studie-enhet på minst 1 år og godkjent praktisk-pedagogisk utdanning på minst $\frac{1}{2}$ år." Desse faga/kursa kan ein take neste kvar som helst.
- Kravet om at den $\frac{1}{2}$ årige praktisk-pedagogiske utdanninga skal vere frå dei pedagogiske seminara, er teke bort.
- Når det gjeld lektorkompetansen, er det nye kravet at alle som skal ha lektorkompetanse må ha embeteksamen høgre grad.

Desse endringane tyder:

- Adjunktsutdanninga ved universitetet vert nedskore.
- Den noverande cand.mag.-graden vert undergreven både tidsmessig og innhaldsmessig.
- Ex.phil. er trua med å falle bort.

Studentutvalet og NSU-delegatgruppa går imot studietidsnedførtninga, og krev at saka blir utsett til 1.5.1978, slik at lærerutdanninga ved universitetet kan bli drøfta på eit breiare grunnlag.

Saka skal opp på møtet i Universitetstinget torsdag 21.sept.

Før det, skal ho opp som hovudsak på hovudallmøtet først-kommende torsdag kl. 20.00 i Brenn-kantina.

MÅT OPP!

Studentutvalet/NSU-delegatgruppa.